

Møteprotokoll

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 06.05.26

Møtt:

Heming Helland Gujord (visedekan), Aidan Conti (LLE), Jesse Tomalty (FOF), Christian Sæle (AHKR), Birger Solheim (IF), Gry Ane Lavik (UB), og Sara Sørholt (studentrepresentant).

Frå studieseksjonen:

Julie Alver Tønsaker, Hanne Svanholm Misje og Rebekka Nistad.

Observatører:

Jacob Hoffmann (AHKR), Deirdre Smith (IF) og Signe Nilssen (LLE).

Meldt forfall: Kari Jegerstedt (SKOK) og Tord Varhaug Lie (studentrepresentant).

I **Godkjenning av innkalling og saksliste.**

Godkjend.

II **Godkjenning av protokoll frå møtet 15.04.26.**

Godkjend.

III **Orienteringssaker**

Kvalitetsutviklingsmidlar, jfr utlysninga med søknadsfrist 8. mai.

Undervisningskoordinatorane informerte munnleg om sine søknader. Det er under arbeid om lag 12 søknader frå institutta ved HF.

Nettverk for førsteårsopplevinga

Julie Tønsaker informert om organiseringa og innhaldet i arbeidsoppgåvene til nettverket. Nettverket vil bestå av ei studieadministrativ arbeidsgruppe og ei fagleg referansegruppe og skal sikre heilskap og samordning av tiltaka i første studieår, som til dømes studentmottak, mentorordninga og Humanistar les.

Humanistar les, Heming Gujord informerte om bokvalet for Humanistar les 2026, som er Tollak til Ingeborg av Tore Renberg. Boka er omsett til engelsk, noko som opnar for å inkludere internasjonale studentar.

Søkartal 2026

Julie Alver Tønsaker orienterte om søkartala for opptaket hausten 2026.

SAK 16/26 Utkast til søknad om oppretting av bachelorprogram i filosofi, politikk og økonomi

Jesse Tomalty (FOF) orienterte om oppbygginga av programmet. Programmet er eit tverrfagleg samarbeid med SV- fakultetet. Trass i ein noko annan struktur og tverrfaglegheit enn dei andre studieprogramma ved HF, er det nye programmet i tråd med føremålet med studieporteføljeprojektet. HF sin del av programmet skal driftast innanfor den undervisningskapasiteten som er i fagmiljøet i filosofi per i dag.

Det er viktig å skape ein HF identitet blant studentane på programmet.

SAK 17/26 Informasjon om nytt plagiatskontrollsystem

Etter vedtak i Utdanningsutvalet erstattar plagiatsverktøyet Inspira Originality frå april 2026 det tidlegare systemet Uoriginal. Inspira Originality er ein integrert del av eksamenssystemet Inspira, og rapportane for tekstlikskap ligg direkte tilgjengeleg for sensorane. Slik kan sensorane ved behov sjekke tekstlikskap undervegs i sensurprosessen, og denne ordninga tydeleggjer plagiatskontroll som ein del av den faglege vurderinga. Informasjon om det nye plagiatskontrollsystemet bør difor gå i fagleg linje, og undervisningskoordinatorane ved institutta blir bedne om å vidareformidla denne ved sine respektive institutt.

Opplæringsmateriell vil bli lagt ut på tilsett-sidene til UiB: [Bruksanvisning for Inspira Originality | For ansatte | UiB](#)

IV Vedtakssaker

SAK 18/26 Rapport frå ekstern fagfelle, lektor

Vedtak Studiestyret tar rapporten til orientering.

SAK 19/26 Studieporteføljeprojektet

Aidan Conti presenterer studieplanen for bachelorprogrammet i teatervitskap, der det opnast for at studentane kan velje eit emne frå eit

anna program i sjette semester.

Det blei stilt spørsmål til det noko høge talet på valemne i møtet. I tillegg

blei det nyoppretta emnet *ANT203 - Antikkens metoder og kjelder* føreslått som eit meir relevant emne for TEAT-studentar enn HIS203. Emnet i sosialantropologi må følgjast særskilt opp. Emnet har avgrensa plass og tilrådde forkunnskapar, som kan gjere emnet mindre eigna for TEAT-studentar.

Vedtak Studiestyret godkjenner den framlagde spesialiseringa for studieprogrammet i teatervitskap.

V **Eventuelt**
Ingen saker under eventuelt.

Bergen, 06.05.26

Heming Gujord
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef